

Partnerskapsavtale om studiearbeidsplassar i Sunnfjord og omegn

1. Partar

- 1.1. Det er dags dato inngått avtale mellom følgjande partar
 - I. Høgskulen på Vestlandet (HVL)
 - II. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (Stiftinga)
 - III. Sunnfjord Utvikling AS (SU)
 - IV. Arbeidsgjevarane
- 1.2. Partane er samla omtala som Partnerane. Dei ulike bedriftene (part nummer iv), jf. punkt 1.1) er i avtalen samla omtala som Arbeidsgjevarane og er spesifisert i vedlegg 2 til avtalen. Ytterlegare arbeidsgjevarar kan tiltre Avtalen gjennom å signere tilsvarende erklæring som dei opprinnelege Partnerane vedlagt som vedlegg 1.
- 1.3. Partnerskapsavtalen mellom Partnerane inngått d.d. vert heretter omtala som Avtalen.

2. Bakgrunn og intensjon.

- 2.1. HVL, Stiftinga og Næringslivet i Sunnfjord kommune har i fellesskap anerkjent ei felles målsetting om å bidra til å auke studentattraktiviteten i Førde. Eit delmål er å sikre Førde som studiestad og særleg dei tekniske studietilboda som kan stå i fare for å bli lagt ned eller flytta ut av regionen.
- 2.2. Eit tiltak inspirert mellom anna av dansk modell er å skape eit tilbod om studentjobbar knytt opp mot dei tekniske studietilboda i Førde, og gjerne også andre studie. Eit sterkt studentmiljø vil gagne dei ulike studieplassane kvar for seg, men også Førde som studentby og regionen som arbeidsplass. Ein har særleg identifisert følgjande fortrinn;
 - for **HVL** i høve til å trekkje til seg studentar og tilby ein unik kvalitet, samt bidra til sterkare arbeidsrelevans i høgare utdanning
 - for **regionalt næringsliv** i høve til å tiltrekkje og tilknytte seg relevant arbeidskraft, sikre at bedrifter og potensielt framtidige tilsette har god kunnskap om kvarandre samt moglegheit til å påverke innhaldet i studieprogramma
 - for **Sunnfjord kommune** i høve til å promotere Førde som ein god studentby og fasilitere for auka tilflytting
 - for **Stiftinga** gjennom å sikre studia som stiftinga har bidrege finansielt til
 - og ikkje minst for **studentane**, som får arbeidserfaring i bedrifter som er relevante for sitt studium og som potensielle framtidige arbeidsgjevarar, samt relevante referansar for seinare søknadsprosessar
- 2.3. Arbeidsgjevarane står fritt til å velje kva linje og kull dei ynskjer å tilsette i samband med den ordninga som her vert etablert.

3. Plikter

- 3.1. Arbeidsgjevarane pliktar å tilby og garantere for eit (minimums-) tal deltidsarbeidsplassar for studentar ved einskilde studie, anbefalt ramme på 5-20 timar pr veke (som etter avtale mellom student og bedrift kan utvidast). Arbeidsplassane vert tilrettelagt så langt som mogleg i studieløpet, både i varigheit (følgje studieåret) og med einskilde tillempingar for eksamen inkludert lesedagar og obligatorisk undervising. Arbeidsgjevarane har på vanleg måte arbeidsgjevaransvar, inkludert ansvar for lønskostnader og andre kostnader i samband med tilsetjing. Det er Arbeidsgjevarane sjølve som tar ansvar for rekrutteringsprosessen. Det er eit

ynskje at det vert utpeikt ein mentor/fadder hos Arbeidsgjevarane som og er kontaktperson inn i prosjektet.

- 3.2. Arbeidsgjevarane er ikkje avgrensa med omsyn til moglegheitene til å tilsette studentar i ordinære heiltidsstillingar eller deltidsstillingar som overgår omfanget av det som ligg til grunn for Avtalen.
- 3.3. Stiftinga pliktar å bidra med naudsynte midlar til koordinerings- og kommunikasjonsarbeidet for å etablere ordninga. Stiftinga vil også tilby utkast til arbeidsavtale eller arbeidsvilkår som Arbeidsgjevarane kan nyttiggjere for aktuelle arbeidsavtalar som spring ut av Avtalen.
- 3.4. SU pliktar å gi støtte til koordinering og kommunikasjon, samt koordinering mot andre tilgrensande prosjekt SU har eller som SU er tilknytt der det er mogleg å dra nytte av synergieffektar. SU skal også så langt som rimeleg bidra til at Sunnfjord kommune, som vertskommune for HVL, koordinerer sitt arbeid med strategi for studentbyen Førde med dette prosjektet.
- 3.5. HVL pliktar å lojalt støtte opp under ordninga ved å bidra til å gjere tilbodet kjent for studentane, i hovudsak gjennom å gjere Partane kjend med eigne annonseringsplanar, i direkte dialog med studentar og gjennom å omtale prosjektet på nettsider som omhandlar relevante studietilbod i regionen. HVL vil formidle kontakt mellom studentar og Arbeidsgjevarar, og innhente samtykke til å dele personopplysningar frå studentar som ønskjer jobb.

4. Varigheit/Oppseiing

- 4.1. Avtalen kan seiast opp av ein part med tre månaders varsel, men tidlegast etter endt skuleår 2021. Arbeidsavtalar som er inngått på bakgrunn av Avtalen skal gjelde som normalt i medhald av den enkelte arbeidsavtale, uavhengig av om aktuell arbeidsgivar har sagt opp Avtalen.
- 4.2. Oppstart av arbeidsforhold for studieåret 2021/2022 er ynskjeleg frå og med 15.09.21.

5. Anna

- 5.1. Bedrifter som ynskjer å legge til rette studiar for sine eigne tilsette kan og nytte studentjobb-løysinga til faste tilsette.

6. Signering

Avtalen er inngått mellom partane den __. desember 2020 og signert som følger:

Høgskulen på Vestlandet

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (Stiftinga)

Sunnfjord Utvikling AS

Vedlegg 1:

Erklæring om å tiltre samarbeidsavtale frå Arbeidsgjevar

Arbeidsgjevar _____ tiltre med dette Partnerskapsavtale om studiearbeidsplassar i Sunnfjord og omegn, som Arbeidsgjevar i samsvar med avtalens punkt 1.

Vi vil som Arbeidsgjevar i samsvar med avtalen forplikte oss til:

1. Minimum tal stillingar
(føreset at arbeidsgjevar finn eigna kandidatar): _____
2. Fagretning (kan avtalast seinare): _____
3. Årskull (kan avtalast seinare): _____

Stad: _____, Dato: ____ / ____ _____

Bedrift _____

Signatur _____